

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 22.08.2023  
**FRÅ:** Administrerende direktør  
**SAKSBEHANDLAR:** Ivar Eriksen  
**SAKA GJELD:** **Statens eigarrapport 2022**

**ARKIVSAK:** 2021/422  
**STYRESAK:** 077/23

**STYREMØTE:** 077/23

### Administrerende direktør si orientering pkt. 6

---

Statens eigarrapport omhandlar staten sitt eigarskap i 69 selskap. Rapporten inneheld informasjon om omfang og hovudtal om selskap der staten har direkte eigardel. Den gir også informasjon om statens eigarutøving og viktige forventningsområde for staten som eigar.

Selskapa er gruppert i to kategoriar basert på statens mål som eigar. Kategoriseringa er forenkla og statens mål som eigar blei oppdatert i Meld. St. 6 (2022-2023), jf. omtale i styresak 129/22.

I kategori 1 finn vi selskapa der statens mål som eigar er høgst mogleg avkasting over tid innafør berekraftige rammer. For selskapa i kategori 2, dei sektorpolitiske selskapa som primært ikkje opererer i konkurranse med andre, er statens mål som eigar å oppnå sektorpolitiske mål på ein berekraftig og mest mogleg effektiv måte.

Helse Vest RHF er omtalt på side 104 i rapporten. Av viktige hendingar i 2022 er nemnd prioritering av psykisk helsevern og framdrift i byggeprosjekta i regionen. I tillegg er det opplysingar om Helse Vest RHF i avsnittet om rapportering frå selskapa (side 45 – 57) og i vedlegga (side 136 – 165) som blant anna inneheld opplysingar om måloppnåing, godtgjersle og kjønnsbalanse.

Staten eigarrapport 2022 er tilgjengeleg her: [Statens eierrapport 2022 \(regjeringen.no\)](#)

Vedlegg: Statens eigarrapport 2022